

"Jakten på det gode pasientforløp" – implementering av fødedatasystem

Helse Fonna har under implementering nytt fødedatasystem. Dette må sjåast på som eit kvalitetssystem meir enn eit datasystem. Systemet ivaretek kvalitetssikring i arbeidsprosessar, standardisering, rasjonelle rapporteringsrutinar og meir rasjonell jobbing.

Det er ferdigstilt eit stort utviklingsarbeid der nøkkelressursar frå vårt og andre føretak har deltatt.

Helse Fonna går no inn i den viktige implementeringsfasen og skal sikre mellom anna : God opplæring, at systemet sine funksjonar blir brukt fullt ut, at nivået på bruken er den same ved die ulike institusjonane, at opplæringsfasen vert kortast mogleg, at tilsette blir motivert for bruken, at resultat kan evaluerast – for å justere og vidareutvikle bruken av systemet.

Helse Fonna skal bruke tildelte midlar for å få ein optimal implementeringsperiode på kortast mogleg tid, samt kunne halde opp intensiteten i vidareutvikling av bruken av systemet.

Eit grundig arbeid på dette, vil gje nyttig læring og verdi til implementering av tilsvarande system i Helse Fonna og andre stader, samt generelt når det gjeld implementering av pasientadministrative system.

Kontaktpersonar:

Seksjonsoverlege Torunn Eikeland

Inger Lise Gressgård

tlf: 05253